Hei!

Mitt namn er Alf Slettebø og eg går tredje året på veterinærmedisin. Det siste året har eg vore varamedlem til Fakultetsstyret og delteke på 2 møter. Dette har vore svært givande og eg ynskjer derfor å stille som fast representant i Fakultetsstyret VET.

Eg vil arbeide for at studentane si stemme blir høyrt. Ved eit universitet er det viktig at ein lyttar til studentane når ein skal ta store avgjerder. Dette er spesielt aktuelt no som Veterinærhøgskolen står i ein utfordrande økonomisk situasjon. Me må finne gode berekraftige løysningar, utan at det går utover studiekvaliteten. Ein annan sak som er viktig for studentane er samlokaliseringa med IHA. Eg har vore aktiv i arbeidsgruppa for studentareal og har vore tydeleg når det gjeld plassmangel. Me har no fått gjennomslag og det ser ut til at det blir meir studentareal. Denne saken er framleis ikkje ferdig og eg er innstilt på det vidare arbeidet med å sikre gode studieareal.

I gjennom studietida mi har eg vore engasjert og til stades i studentmiljøet. Det har eg blant anna vore ved å vere leiar i Veterinærmedisinsk studentforening (VSF) og som faddersjef. Desse verva har gitt meg eit godt innblikk i studentmiljøet og verdifulle erfaringar som eg vil ta med meg til Fakultetsstyret. Eg er framleis aktiv i studentmiljøet og diskuterer gjerne korleis studiekvardagen vår kan bli betre. Ikkje ver redd for å ta kontakt!

Eg synest at det har vore kjekt å vere studentane sin stemme i viktige sakar og er motivert til å fortsette med det. Dersom du tenkjer at eg vil gjere ein god jobb, håpar eg at du stemmer på meg.

Godt val!

Hi!

My name is Alf Slettebø and I am in my third year of veterinary medicine. Over the past year I have served as an alternate member of the Faculty Board and attended two meetings. This has been very rewarding, and I therefore wish to stand as a full representative on the Faculty Board VET.

I want to work to ensure that the students' voices are heard. At a university it is important to listen to students when big decisions are being made. This is especially relevant now as the Faculty of Veterinary Medicine is in a challenging financial situation. We must find good, sustainable solutions without compromising the quality of the studies. Another issue that is important for the students is the co-location with IHA. I have been active in the working group for student space and have been clear about the space shortage. We have now achieved a breakthrough, and it looks like there will be more student space. This issue is not finished yet, and I am committed to continuing the work to secure good study spaces.

During my studies I have been engaged and present in the student community. This has included serving as the chair of the Veterinary Medical Student Association (VSF) and as the head of the mentoring/buddy program. These roles have given me a good insight into the student environment and valuable experiences that I will bring with me to the Faculty Board. I am still active in the student community and would gladly discuss how our everyday study life can be improved. Do not hesitate to get in touch!

I think it has been nice to be the students' voice in important matters, and I am motivated to continue doing so. If you think I will do a good job, I hope you will vote for me.

Best of luck in the election!